

Arkiv: FE-221
JournalpostID: <jpID> 20/18847
Saksbehandlar:
Dato: 21.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
047/20	Alver formannskap	30.04.2020

Gebyrregulativ for vatn og avløp 2020, tilpassing til abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at gebyrregulativet for vatn og avløp 2020 får slikt tillegg:

«Reduksjon i årsgebyret for abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp:

Forbruksgebyr avløp blir redusert med kr 500 som kompensasjon for eige ansvar for vedlikhehald av tank. I tillegg blir forbruksgebyr avløp redusert med gjeldande sats for slamgebyr.»

Alver formannskap 30.04.2020:

Behandling:

Orientering ved kommunalsjef Anny Bastesen.

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FO- 047/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner at gebyrregulativet for vatn og avløp 2020 får slikt tillegg:

«Reduksjon i årsgebyret for abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp:

Forbruksgebyr avløp blir redusert med kr 500 som kompensasjon for eige ansvar for vedlikhehald av tank. I tillegg blir forbruksgebyr avløp redusert med gjeldande sats for slamgebyr.»

Politisk handsaming

Saka skal avgjeraast i Kommunestyret

Bakgrunn

Lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver vart godkjent av kommunestyret i møte 19.12.2019. I same møte vart vass- og avløpsgebyr for 2020 vedteke.

Sidan både forskrifta og avgiftsregulativet er nytt, vart det lagt til grunn at når ein fekk erfaringar med regulativet kunne det komme behov for endringar. Desse erfaringane vil rådmannen legge fram i en samla revisjon til hausten, med framlegg til vedtak for 2021.

Det er likevel ei løysing på avløpsområdet som har fått eit uheldig utslag som det er viktig å få avklart allereie no, av omsyn til abonentane.

Saksopplysningar:

Det er to hovudløysingar på avløpsområdet:

- Avløp til kommunal avløpsleidning, direkte frå eigen leidning eller via felles privat avløpsleidning. Desse er abonentar i kommunen og betaler årsavgifter til kommunen.
- Utsleppsløysing via egen eller felles septiktank. Desse er abonentar hjå NGIR, som handterer slamtømmингa og henter inn slamgebyr direkte frå abonentane.

Nokre stader i kommunen er det ei kombinert løsing av dei to alternativa. Det gjeld i hovudsak område med terrengforhold som gjer at det ikkje er mogeleg å koble seg på det kommunale avløpet direkte eller via privat fellesleidning. Det inneber at abonentane har eigen eller felles septiktank, med overløp til kommunalt avløpsnett fordi recipienttilhøva ikkje ligg tiil rette for utslepp i infiltrasjonsgrøft eller til vatn/sjø. Utan den kombinerte løysinga ville ikkje eigedomane hatt godkjent avløp.

Sidan NGIR handterer slamtømmингa og henter inn slamgebyr frå 2020, er det ikkje lenger ein communal koordinering av dei to gebyra. Tidlegare vart begge gebyrtypene fakturert ut frå kommunen, og koordinert i forkant. På grunn av den nye arbeidsdelinga mellom kommune og NGIR vil dei abonentane dette gjeld få begge gebyra frå 2020, med mindre gebyrregulativet blir justert.

Til saman gjeld dette p.t. 92 abonentar som betaler fullt gebyr (ordinære bueiningar) og 32 abonentar som betaler $\frac{1}{2}$ gebyr (bueiningar under 90 m² og hytter).

Dei som har septiktank har sjølv ansvaret for vedlikehaldet og evt utskifting av tanken når den blir gammal eller øydelagt, etter pålegg frå kommunen. NGIR har tilsynet gjennom sjølve slamtømmeordninga, og skal sende melding når dei oppdagar feil eller manglar. Dersom abonentane tek del i felles septiktank, har dei eit felles vedlikehaldsansvar.

For at desse abonentane ikkje skal kome uheldig ut, foreslår rådmannen at avløpsgebyret blir korrigert med frådrag for slamavgifta og for abonenten sitt vedlikehaldsansvar.

Grunnlag for utrekning

Avløpsgebyr og slamgebyr og for ordinære bustader i 2020:

Abonnementsgesbyr avløp:	kr 533
Forbruksgesbyr avløp:	kr 3.428
<u>Totalt:</u>	<u>kr 3.961</u>
Slamgesbyr:	kr 990

Utan ei justering av regulativet betyr dette at abonentar som har eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp må betale kr 4.951 i 2020. Dette resultatet vart ikkje fanga opp då regulativet for 2020 vart fastsett.

Framlegg til gebyr «kloakk eigen tank» 2020:

Rådmannen rår til at forbruksgebyret blir redusert tilsvarende slamgebyret frå 2020. I tillegg foreslår rådmannen at det samla årsgebyret (slamgebyr og avløpsgebyr) for denne gruppa vert redusert med kr 500 som kompensasjon for at dei må ta kostnadene med vedlikehald og utskifting av tank sjølv. Ein ny tank kostar frå kr 20.000 og bør normalt vare like lenge som eit ordinært avløpsanlegg.

Abonnentgruppa kan få nemninga «kloakk eigen tank» i registeret som ligg til grunn for utsending av faktura for kommunale avgifter (KomTek). Dei abonnentane det gjeld er kjent med denne definisjonen frå før.

Reknestykket ser då slik ut:

Abonnementsgesbyr avløp:	kr 533
Forbruksgesbyr kloakk eigen tank:	kr 2.028
<u>Slamgesbyr:</u>	<u>kr 990</u>
 <u>Totalt:</u>	 <u>kr 3.461</u>

Konklusjon

Rådmannen rår til at regulativet for vass- og avløpsgebyr for 2020 blir tilpassa abonnentar som har eigen eller felles septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp. Samstundes får abonnentane redusert gebyr som følgje av ansvaret for vedlikehald og utskifting av eigen tank. Abonnentane frå fråtrekk i forbruksgesbyret.

Gebyrregulativet for vatn og avløp 2020 får slikt tillegg:

«Reduksjon i årsgebyret for abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp:

Forbruksgesbyr avløp blir redusert med kr 500 som kompensasjon for eige ansvar for vedlikhehald av tank. I tillegg blir forbruksgesbyr avløp redusert med gjeldande sats for slamgesbyr.»

Vedlegg i saken:

21.04.2020 Vass- og avløpsgesbyr i Alver kommune, framlegg 1374883
 25.11.2019 rev 21.04.2020